Prosjektplan - «Liv i Vinje»

Utarbeida av: Vest-Telemark Næringsutvikling as, v/Ole Dalen

6. januar 2011

Vest-Telemark Næringsutvikling as - Adr.: Granlivegen 1A, 3850 Kviteseid **T** +47 35 06 84 00 **M** +47 41 42 34 33 od@vtnu.no www.vtnu.no

Innhald

Samandrag 1

Bakgrunn 1

Mål 1

Rammer og prosjektperiode for planen 1

Organisering og ansvar 1

Prosjektplan 2

Målgrupper 2

Aktivitetar 2

Resultatindikatorar 3

Kvalitetssikring og resultatmåling 4

Rapportering og forankring 4

Prosjektet si evne til å oppnå hovudmålsettinga 4

Budsjett 5

Kostnadar og finansiering 5

Køyreplan - aktivitetar og milepælar 6

Kjelder 6

PLP - PROSJEKTLEDERPROSESSEN 6

Samandrag

Bakgrunn

Prosjektforslaget «Liv i Vinje» er sett opp med grunnlag i pågåande prosjekt med same namn. Etter eitt år med prosjektarbeid ynskte prosjektleiaren å seie ifrå seg stillinga. Dette vart formidla på styremøtet i Liv i Vinje den 23. november 2010.

Styret i Liv i Vinje ynskte så å få eit prosjektforslag for ei vidare gjennomføring av prosjektet i regi av Vest-Telemark Næringsutvikling. Denne prosjektplanen vart godkjend på styremøtet i Liv i Vinje den 6. januar 2011.

Mål

Kortsiktig mål: Auka trivsel og livskvalitet for dei som bur i Vinje skulekrins. Legge til rette for opparbeiding av nye tomter, ny busetnad og rørsle i ein sovande bustadmarknad. Legge til rette for nye næringsetableringar.

Langsiktig mål: Auke folketalet og sikre beste skule- og fritidstilbod for ungane i Vinje skulekrins. Arbeide for at Vinje skal vera ein attraktiv stad å bu, arbeide og oppleve.

Rammer og prosjektperiode for planen

Prosjektet omfattar grendene i Vinje skulekrins, i Vinje kommune.

Prosjektstart: **1. januar 2011**
Prosjektslutt: **31. desember 2012**

Organisering og ansvar

Organisering	Ansvar	
Oppdragsgjevar	Styret i Liv i Vinje	
Prosjektansvarleg (PA)	VTNU v/Haldor Kaasin	
Prosjektleiar (PL)	VTNU v/Ole Dalen	
Prosjektgrupper	«Bulyst i Vinje», « Ny Næring i Vinje» og «Arrangement i Vinje»	
Referansegruppe (RG)	Representantar for «Ny Næring i Vinje», etablert på møte i Oslo 11.12.2010	
Personressurser i prosjektet	**HA 2:**	VTNU v/Elisabeth Lid
	HA 3:	VTNU v/Haldor Kaasin og Ole Dalen
	HA 4:	VTNU v/Silje Hegg

Prosjektplan

Målgrupper

1. Folk i alle aldrar som bur i Vinje skulekrins
2. Personar med røter i Vinje, som vil flytte heim og etablere næringsverksemd.
3. Barnefamiliar og andre nye som ynskjer å flytte til Vinje

Aktivitetar

Dei planlagte aktivitetane i prosjektet er delt inn i 5 hovudaktivitetar, med tilhøyrande innhald:

1. Oppstart med ny organisering
2. Gjennomføre satsingsområdet **«Bulyst i Vinje»**
3. Gjennomføre satsingsområdet **«Ny næring i Vinje»**
4. Gjennomføre satsingsområdet **«Arrangement i Vinje»**
5. Sluttrapportering og resultatoverføring

Referanse	Aktivitet
HA 1	Oppstart med ny organisering: • Presentasjon av ny prosjektstruktur (møte) og bygdebrev (per post og på nett) • Møte med etablerte grupper - fastsette vidare aktivitet og prosjektforankring • Etablere prosjektgrupper for dei tre arbeidsområda • Pressemelding og mediadekning etter gjennomført lokal forankring
HA 2	Gjennomføre satsingsområdet **«Bulyst i Vinje»:** • Tilrettelegge for attraktive og aktuelle bustadmoglegheiter • Sosiale møteplassar for barn og ungdom • Jobbe med skuletilbodet i Vinje • Vidareføre pågåande arbeid som aukar bulyst: bustadgruppe, måndagsmiddag, tur/stadnamn og kultur/teater. • Trekke inn regionale bulysttiltak med lokal gjennomføring. • Måndagsmiddag • Jonsokfeiring ved Vinjevatn
HA 3	Gjennomføre satsingsområdet **«Ny Næring i Vinje»:** • Fastsette behov for målgruppa for næringshage, der referansegruppa er ei prioritert gruppe. • Jobbe fram handlingsplan og framdrift for næringsretta tiltak i Vinje. • Gjennomføre handlingsplanen (tidsbegrensa til prosjektperioden).
HA 4	Gjennomføre satsingsområdet **«Arrangement i Vinje»:** • Påfonndajen / Vibø-rennet • Bøgrend Autofest • Bøgrend Automarken
HA 5	Rapportering, sluttrapport og resultatoverføring

Innhaldet i dei fastsette hovudaktivitetane skal ikkje vera til hinder for å endre innhald og oppgåver som dukkar opp undervegs i prosjektet, dersom dette tener føremålet med prosjektet.

Resultatindikatorar

Prosjektet skal gjennomføre hovudaktivitetar som eignar seg som målbare parameter:

a) **HA 2, «Bulyst i Vinje»**

b) **HA 3, «Ny Næring i Vinje»**

c) **HA 4, «Arrangement i Vinje»**

Ref.	Målingsindikator	Ynskt resultat	Føresetnader
HA 2	**«Bulyst i Vinje»:** • Tilrettelegge for attraktive og aktuelle bustadmoglegheiter • Sosiale møteplassar for barn og ungdom • Jobbe med skuletilbodet i Vinje • Vidareføre pågåande arbeid som aukar bulyst: bustadgruppe, måndagsmiddag, tur/stadnamn og kultur/teater. • Trekke inn regionale bulysttiltak med lokal gjennomføring. • Barn og unge finn nye møtestader og aktivitetar • Måndagsmiddag • Jonsokfeiring ved Vinjevatn	• Gjennomføre planlegging av nye bustader • God tilgang på attraktive bustader • Auke kunnskapen om kva ein barnefamilie ynskjer/forventar av kvalitetar i et bustadhus i Vinje. • Alle med ungar i skulealder er nøgde med skule- og fritidstilbodet i Vinje • Filmklubb/ungdomsklubb • Barn og unge finn nye møtestader og aktivitetar. • Tilbodet til skuleungar er avgjerande for busettning og ny tilflytting til Vinje (må dokumenterast) • Måndagsmiddagen vert gjennomført gjennom heile prosjektperioden, og finn ei form som held tiltaket i live også etter prosjektslutt.	Det må gjennomførast systematisk kartlegging på noverande status, og fastsette korleis målekriteria skal tallfestast.
HA 3	**«Ny Næring i Vinje»:** • Fastsette behov for målgruppa for næringshage, der referansegruppa er ei prioritert gruppe. • Jobbe fram handlingsplan og framdrift for næringsretta tiltak i Vinje. • Gjennomføre handlingsplanen (tidsbegrensa til prosjektperioden).	• Delar eller heile referansegruppa har fastsett tidspunkt for flytting/etablering av næring til/i Vinje innanfor prosjektperioden. • Det er utløyst eller fastsett tidspunkt for etablering av næringsbygg som eignar seg til samlokalisering eller næringshage i Vinje i prosjektperioden. • Nye med eiga næring har etablert seg i Vinje, eller folk som bur i Vinje har vald å etablere eiga verksemd grunna aktivitetar i prosjektet.	Krev god klarlegging av aktivitetar undervegs i prosjektet for å kunne dokumentere samanhengen med resultatmålingane.
HA 4	**«Arrangement i Vinje»:** • Påfonndajen / Vibø-rennet • Bøgrend Autofest • Bøgrend Automarken	• Dei planlagde arrangementa vert gjennomført i heile prosjektperioden • Det er fastsett «vidare liv» for arrangementa i prosjektperioden med ansvarlege personar for dei enkelte tiltaka.	Arrangementsarbei det må avgrense seg til dei fastsette områda i regi av prosjektet «Liv i Vinje». Øvrige arrangement og aktivitetar må gå føre seg utan direkte bruk av prosjektressursar.

Kvalitetssikring og resultatmåling

Løpande kvalitetssikring vil gå føre seg gjennom desse kanalane:

- Uformelle oppdateringar ved naturlege møtepunkt under prosjektet (telefonar, møter, e-post og sosiale medium)
- Aktiv bruk av referansegruppe
- Gjennomføring av planlagde rapporteringsrutiner

Rapportering og forankring

Rapportering til bygdemiljøet og oppdragsgjevar skal dekkjast gjennom desse aktivitetane:
(tidspunkt vert fastsett før prosjektoppstart)

- Bygdebrev (kvart halvår)
- Måndagsmiddagar (prosjektarbeidarar deltek jamleg som ein del av prosjektet)
- Aktiv bruk av sosiale medium (uformell dialog)
- Prosjektarbeidarane på VTNU vil prioritere å vera lett tilgjengelege for styret i Liv i Vinje, og andre som er involverte i prosjektet (mobil, mail, møter og arbeidsfellesskap). Prosjektarbeidarane deltek på møter dei vert bedne om å møte på (**NB:** avgrensa ressursbruk)
- Årsrapportar
- Møte med politikarane i Vinje i samband med årsrapporten
- Sluttrapportering på grunnlag av godkjend prosjektplan som vert gjennomført på oppdrag frå styret i Liv i Vinje.

Prosjektet si evne til å oppnå hovudmålsettinga

Det er avgjerande at dei planlagde aktivitetane i prosjektet maktar å engasjere personar som vil bidra med frivillig arbeidskraft og deltaking i prosjektarbeidet.

Prosjektet er avhengig av stort personlig engasjement hjå både oppdragsgjevarar og prosjektarbeidarar. Prosjektetet si evne til å «framsnakke» innhaldet og aktivitetane kan vera avgjerande for å oppnå målsettingane i prosjektet.

Budsjett

Kostnadar og finansiering

Kostnadane i prosjektet skal i hovudsak avgrense seg til den fastsette årlege finansieringa av prosjektet som er løyvd frå Vinje kommune. Kostnadar ved tiltak som går ut over dette beløpet, må finansierast eksternt.

Total kostnadsramme for prosjektet: 375.000,- kr per år. = **750.000,- kr**

Skildring	Mengd	Kostnad	Sum
Prosjektarbeid i HA 1; Oppstart med ny organisering	50	700,00 kr	35 000,00 kr
Prosjektarbeid i HA 2; «Bulyst i Vinje»	220	700,00 kr	154 000,00 kr
Prosjektarbeid i HA 3; «Ung Næring i Vinje»	220	700,00 kr	154 000,00 kr
Prosjektarbeid i HA 4; «Arrangement i Vinje»	160	700,00 kr	112 000,00 kr
Prosjektleder gjennom prosjektperioden	215	700,00 kr	150 500,00 kr
Reisekostnader	75	500,00 kr	37 500,00 kr
Tiltaksmidler	4	50 000,00 kr	200 000,00 kr
Diverse	1	7 000,00 kr	7 000,00 kr
		Total	**850 000,00 kr**

Ekstern finansiering

Budsjettet krev ekstern finansiering med 100.000,- kr i prosjektperioden. Dette er planlagt å finansiere basert på søknadar knytt til eksterne kostnadar ved planlagde tiltak.

Timepris for prosjektgjennomføring hjå VTNU

Timesats for prosjektarbeid er fastsett til 700,- kr/t.

Timesats for prosjektgjennomføring i Vest-Telemark Næringsutvikling as er erfaringsbasert for tilsvarande arbeidsoppgaver, og tek innover seg alle kostnadar ved administrasjon, samt faste og variable kostnadar for ein prosjektarbeidar. Prisen inkluderer tilgang på alle ressursar hjå Vest-Telemark Næringsutvikling, inkludert rekneskap og naudsynt utstyr. Det vil ikke kome ekstra kostnadar for kontorutstyr, telefon, it-kostnadar o.l.

VTNU sine eigarar tek ikke ut resultat, og selskapet er ikkje skattepliktig.

Det er VTNU som er ansvarleg for å gjennomføre dei fastsette oppgåvene innanfor det fastsette budsjettet og må sjølv finansiere eventuelt meirforbruk.

Køyreplan - aktivitetar og milepælar

Dato	Aktivitetar	Ref.
Januar 2011	Avklare rammene rundt prosjektfinansieringa. Har styret i Liv i Vinje oppdragsmandat på vegne av sitt eige prosjekt? Ansvar: Styreleiar Anders Sandvik.	HA 1
Februar 2011	Gjennomføring av forankringsarbeid for oppstart av ny prosjektorganisering (HA 1)	HA 1
Mars 2011	Oppstartsmøte og etablering av prosjektgruppa **«Bulyst i Vinje»**	HA 2
Mars 2011	Første samling i gruppa **«Ny Næring i Vinje».** 5 personar har avtala møte i Vest-Telemark laurdag 19. mars for å samanlikne forretningsplanar. Ansvar: Ole Dalen.	HA 3
April 2011	Fyrste planlagde arrangement: «Påfonndajen» 17. april.	HA 4
Juli 2011	Halvårsrapport og bygdebrev. Møte for evaluering og prosjektstatus med oppdragsgjevar	HA 1
Januar 2012	Årsrapport og bygdebrev m/nyhende og prosjektstatus	HA 5
Juli 2012	Halvårsrapport og bygdebrev. Møte for evaluering og prosjektstatus med oppdragsgjevar	HA 1
Januar 2013	Avslutningsarrangement m/sluttrapport og evaluering av prosjektgjennomføringa	HA 5

Kjelder

PLP - PROSJEKTLEDERPROSESSEN

Kilde: Innovasjon Norge: http://www.innovasjonnorge.no/Tjenester/Programmer/regionalomstilling/PLP---prosjektlederprosessen/